



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Mediaedge cia Norway AS
Stortorvet 10
0155 OSLO

Vår dato:
Vår ref.: NVE 201200900-6 ki/saas
Arkiv: 313 /057
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Silje Aakre Solheim
22 95 95 44

Fjell vatn avløp og renovasjon AS - Søknad om tillatelse til å bruke Bildøyvatnet som drikkevannskilde i Fjell kommune, Hordaland - kunngjøring

Vi ber om at vedlagte kunngjøring settes inn en gang i avisene Vestnytt og Bergens Tidende så snart som mulig.

Kostnadene for kunngjøringen skal belastes FjellVAR AS, Pb 264, 5342 STRAUME. Vi ber om at kopi av kunngjøringen og faktura sendes til NVE for kontroll av kunngjøringsdato.

Dette brevet er også sendt per e-post til annonser@mecglobal.com.

Med hilsen

Bård Ottum
for Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
Silje Aakre Solheim
avdelingsingeniør

Vedlegg: 1 Kunngjøring
Kopi: Alle på adresselista,

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

- KUNNGJERING -

Fjell vatn avløp og renovasjon AS - Søknad om løyve til å bruke Bildøyvatnet som drikkevasskjelde i Fjell kommune

NVE har motteke ein søknad frå FjellVAR om løyve til å nytte Bildøyvatnet i Fjell kommune som drikkevasskjelde.

FjellVAR ønskjer å etablere eit nytt vassbehandlingsanlegg ved eksisterande drikkevasskjelde i Bildøyvatnet. Det er planar om å ta ut vatn tilsvarande naturleg avrenning frå vatnet, det vil seie 36 l/s. I tillegg vert det søkt om å halde fram med regulering av Bildøyvatnet mellom kote 170,8 og 179.

Bildøyvatnet vassverk vart i 1977 teke i bruk som kommunal vassforsyning. Etter etablering av vassverk ved Fjæreidevatnet vart Bildøyvatnet reservevasskjelde pga. dårlegare vasskvalitet og mangelfull reinsing. I dei siste åra har kjelda likevel vore nytta som supplering til den kommunale vassforsyninga. På bakgrunn av befolkningsvekst ønskjer ein å gjere denne bruken permanent og det er difor nødvendig å byggje eit nytt vassbehandlingsanlegg. I den anledning vert det no søkt om konsesjon for heile anlegget.

Bildøyvatnet er i dag regulert mellom kote 170,8 og 179. Dammen er 45 m lang og bygd i betong. Frå dammen er det lagt ein 200 mm vassleidning i eksisterande veg. Leidningen er kopla saman med eksisterande vassforsyningsnett ca. på kote 88, ved tilkomstvegen til høgdebasseng i Bildøynuten. Med unnatak av det nye vassbehandlingsanlegget vert det ingen nye fysiske inngrep.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på servicetorget på rådhuset, på biblioteket på Straume og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Tom Monstad på tlf. 95 76 34 66 eller e-post: tom.monstad@asplanviak.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **20.12.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan nyttast til dette.